



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1158 - 17/12990

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 195/122 Leiknes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.04.17.

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan Leknes. Del av gnr. 195 bnr. 4/planid.: 1263-25101973, planen har status som gjeldande.

Reguleringsplanen mangler byggegrense mot sjø. Kommunen og departementet sin forståelse av forholdet mellom byggegrense mot sjø i eldre planar har vore at det i område avsett til bygging der det ikkje er vist byggegrense mot sjø så går byggegrensa i formålsgrensa.

Den 08.03.17 orienterte Kommunal- og moderniseringsdepartemenet (KMD) fylkesmenn om at KMD endrer denne tolkninga av plan- og bygningslova. Det betyr at byggeforbodet i 100-metersbeltet langs sjø vil gjelde også for byggeområder avsatt i tidlegare vedtekne planar dersom det ikkje er fastsett byggegrense.

Dette medfører at de må søkje om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø for oppføring av omsøkt tiltak. Vi kan ikkje sjå at slik dispensasjonssøknad vil krevje yttarlegare nabovarsling.

Nabovarsel

Vi kan ikkje sjå at gbnr. 195/113 er varsla med omsyn til tiltaket. I matrikkelen er gbnr. 195/113 eit felles eige med 21 heimelshavarar som kvar eig idell del av gbnr. 195/113. Vi ber om at det gjer greie for kvifor de har valgt å ikkje varsle gbnr. 195/133 jf. pbl § 21-3.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 byggeforbodet langs sjø.
2. Redegjering for kvifor gbnr. 195/113 ikkje er varsla om tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 16.06.17.



Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Torill Hellem

Kringlebakken 20 A 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen

5955

LINDÅS